

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 26.10.2021**

**Frank Willy Djuvik Pedersen (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland Fylkeskommune meiner at konsekvensane av innføring av forskrifa i liten grad er vurdert. Blant anna er det ikkje vurdert kor store kutt i klimagassutslepp ein forventar i forhold til kostnad og andre klimatiltak. Fylkeskommunen meiner at forskrifta vil få store negative konsekvensar for både økonomi, tenestetilbod, verdiskaping og arbeidsplassar, og at det er urealistisk å innføre ei slik forskrift på kort sikt.»

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og UA) og fall.  
Innstillinga vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune er positive til intensjonen i forskrifta. Forskriftsendringa viser korleis vi kan nå felles klimamål ved å kombinere verkemiddel frå statleg hald med verkemiddel og tiltak hjå t.d. fylkeskommunar.
2. Vestland fylkeskommune forutset ei kompensasjonsordning som dekka auka kostnadene både til materiell og ladeinfrastruktur for bussar.
3. Vestland fylkeskommune peiker på at det kan bli vanskeleg for alle drosjeforetak å leve pr 01.01.2022 dersom fylkeskommunen skal krevje nullutslepp i innkjøp av drosjetenester for skuleskyss, som er omfattande i økonomisk omfang. Det er allereie minkande tilgang på drosjebilar som er tilrettelagde for transport av rullestolbrukarar. Det kan vere behov for at ein i ein periode må nytte dispensasjon frå miljøkravet for å få eigna køyretøy til skuleskyss med drosje.
4. For eigne køyretøy ser Vestland fylkeskommune utfordringar knytt til bruk av bilar i tunnel under driving/på anlegg. For slik bruk vil fylkeskommunen be om unntak.
5. Fylkesutvalet vedtek uttalen slik han kjem fram i vedlegg 2.